# Offentlige anskaffelser og miljø

**Forvaltningsrevisjonsrapport**
Time kommune

Dato 20XX

www.kpmg.no

# Samandrag

**I samandraget under vil de finne ei samanstilling av dei vurderingar og anbefalingar som er syna til i rapporten. Vurderingane er delt inn langs dei same tre områda som problemstillingane.**

## Styringsdokumentar

**I kva grad gir styringsdokumenta klare føringar for arbeidet med miljø og sosiale forhold i offentlige anskaffingar i kommunen?**

Vår vurdering er at Time kommune har klare og eins føringar for mykje av bærekraftskrava som kommunen skal arbeide etter. Kommunen har stilt krav og laga rutinar som oppfyll dei lov- og forskriftsfesta krava til offentlige anskaffingar.

Vi ser at kommunen kan skildre klarare kva som inngår i miljø, og særleg andre samfunnsomsyn. Sjølv om det tidvis må gjerast store konkrete tilpassingar i den einskilde anskaffingsprosessen er det døme på felles forståing av miljø som kan og bær skildrast i dei sentrale dokumenta i kommunen. Til dømes om det gjeld lokale eller globale omsyn, kva omsyn ein vektlegg og korleis ein bør vekte miljø totalt sett. Det same gjeld andre samfunnsomsyn som i dag er eit punkt som ikkje synes som klart for forvaltningsrevisor.

Sjå òg kapittel 3.2.3.

**I kva grad legger nasjonalt regelverk og rettleiingsmateriell, kva gjelder miljø i offentlige anskaffingar, til grunn for Time kommunes styrande dokumenter på området?**

Vår vurdering er at Time kommune har lagt nasjonalt regelverk til grunn på ein korrekt og god måte i sin utforming av styrande dokumentasjon. Frå 1. juli 2022 vil openheitslova gjelde i Norge. Det er ikkje skildra nokon knyting til denne i kommunen sine styringsdokumenter i dag. Vi ser derfor at kommunen kan ha eit arbeide føre seg om å tilpasse seg denne lova der det er hensiktsmessig.

Time kommune kan òg forbetre korleis ein knyt anskaffingar opp mot nasjonale strategiar og retningsliner som DFØ sin **Handlingsplan for økt andel klima- og miljøvennlige offentlige anskaffelser og grønn innovasjon**. Handlingsplanen inneheld mellom anna ti hovudgrep kor det første hovudgrepet mellom anna går ut på å fremme løysingar for lågt og null utslepp og sirkulær økonomi. Time kommune har ingen skildring av sirkulær økonomi i sine styrande dokumenter. Det er heller ikkje sildra til relaterte tema som EU sit avfallshierarki, som er ein vesentleg del av det arbeidet med berekraft i EU og EØS.

Time kommune har ikkje ein plan for å tilpasse seg eller utnytte EU sin taksonomi for grøne aktiviteter i sine innkjøp. Det er ei ny regulering som ikkje er omsyn tatt i korkje bedrifter eller det offentlege i stor grad til dags dato. Reguleringa som kjem frå EU vil ha stor verknad på korleis ein tenker berekraft i unionen, og det vil påverke både næringslivet og norske kommunar.

I Norge vil den nye openheitslova byrje å gjelde frå 1. juli 2022. I EU er det òg freslått eit ei regulering som tek føre seg mykje av det same som i openheitslova i Norge. Desse reguleringane pålegg verksemder å synleggjere vurderingar i verdikjedene sine som gjeld menneske- og arbeidarrettar. Dette er òg eit område der kommunane må utnytte reguleringa som kjem i arbeidet sitt med nye leverandøravtalar. Vi meiner det kan vere nyttig av Time kommune å byrje bu seg på desse lovendringane i sine anskaffingsprosessar.

**Har Time kommune satt seg ambisjonar i sine styringsdokumenter som går utover dei nasjonale? I så fall: På kva områder?**

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

Kommunen stiller klare krav om bærekraft til sine leverandørar og ambisjonsnivået er eins med nasjonale målsetnader. Det er kunn eit område kor kommune har gått lenger, og det er i høve å nytta faglærde i arbeidet i der kommunen er byggherre.

Å stille krav til bærekraft i prosjekt som er tinga i offentleg regi medfører i mange tilfelle auka kostander for oppdragsgjevar. Om det blir stilt generelle krav er det difor viktig at slike krav er politisk forankra og ikkje oppstår av seg sjølv i organisasjonen. Vi meiner at det kravet som er stilt om krav til nytting av faglærte er innafor den kompetansen administrasjonen må ha til å stille konkrete krav. Det er i røynda eit krav om kompetanse hjå tilbydar som kan komme oppdragsgjevar til gode.

**Oppsummering – Styringsdokumentar**

Time kommune har gode styringsdokument som legg føringar på kommunen sine anskaffingar i alle sektorar. Dokumenta svarer ut krav i nasjonalt regelverk og stiller òg skjerpa krav til leverandørar i kommunen. Som vurderingane over syner er det i dag eit intensivert arbeid i EU og nasjonalt i Norge om skjerpa krav til bærekraft på fleire områder. Kommunen har allereie eit godt arbeide med bærekraft i anskaffingar men bør vurdere å skjerpe og prioritere samarbeidet med dei andre kommunane i regionen om felles miljøkrav og utnytting av nye krav frå EU.

Ei utvikling som kommunen truleg vil sjå meir av framover er auka utnytting av dei ressursane ein allereie har. Det kan vere tale om levetidsplan for einskilde anskaffingar som ein bil, eller utnytting av komponentar som går inn i ei anskaffing. Med det utgangspunktet Time kommune har vil det truleg vere hensiktsmessig å vurdere ei føring på fortsatt- og gjenbruk av materiale i kommunen sine strategiar.

## Innkjøp i praksis

**I kva grad bidreg innkjøpsteamet innan offentlige anskaffingar som rådgjevar?**

Det er ikkje stilt opp konkrete krav til innkjøpskompetanse i lov om offentlige anskaffingar. Omsynet til god forvaltningsskikk sett hen til DFØ si skildring på anskaffelser.no og sertifiseringsordninga for offentlige anskaffingar (SOA) syner samstundes til at ein har eit høgt krav om varsemd knytt til gjennomføring av offentlige anskaffingar. Det gjeld ikkje minst i høve til fara for brot med statstøtteregelverket i EØS-avtalen. I vurderinga legg vi til grunn at kommune både må ha og nytte seg av kompetanse som er eigna til å skire at kommunen oppfyller krava i lov om offentlige anskaffingar.

Det er vår vurdering av måten kommunen nyttar tre sertifiserte personar i høve anskaffingar er nødvendig og hensiktsmessig for kommunen. At det er ein hovudperson som har hovudansvar for å bidra i anskaffingar i kommunen og to andre som har konkret ansvar gjer ansvarslinene tydelige og enkle. Samstundes sikrar det at det er tilstrekkelig kompetanse i anskaffingsfunksjonen.

**Er det sektorvise forskjellar i etterlevinga av kommunens retningslinjer?**

Det er ikkje noko som tyder på at det er forskjellar internt i kommunen i etterleving av retningsliner.

Høva ved innkjøp gjennomført av andre kommunar i kommunalt samarbeid høyrer til vertskommunen sitt kontrollsystem og er ikkje undersøkt eller vurdert av oss.

**I kva grad er eksisterande styrande dokumentasjon i praksis dekkande på området miljø og sosiale forhold innan offentlige anskaffingar?**

Vår vurdering er at kommune bør oppdatere krav som blir stilte til klima, miljø og sosiale høve jamleg. Med den endringstakten EU har lagt opp til på feltet er det kanskje nødvendig å ha politisk handsaming av klima- og miljøpolitikken i kommunen i alle fall årleg. Anskaffingar bør då vere skildra og administrasjonen bær vurdere årlege tilpassingar. Samstundes bør en sikre at det er nok dynamikk i styringsdokumenta til at administrasjonen kan tilpasse dei konkrete krava til dei konkrete høva – det gjer dei i dag.

**Kva betyding har interkommunale samarbeid på innkjøpsområdet for kommunens etterleving av egne mål på miljøområdet?**

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

Vi vurderer det som både nødvendig og hensiktsmessig for kommunen å ha samarbeid med kommunane i regionen. Kommunen har eit lite miljø og det er med på å auke kunnskapen på tvers av kommunane å samarbeide med andre. Det er og ein faktor i regionen at kommunane er samde om miljøkrav som blir stilte til leverandørane. Det fører til at krava er føreseielege for leverandørane og gir kommunane større påverknad på korleis dei meiner leverandørane skal oppføre seg i marknaden.

**Korleis gjennomførast oppfølging av anskaffingar kor det blir satt krav om miljø?**

Vår vurdering av kontraktsoppfølginga tek utgangspunkt i at det skal vere føreseieleg for leverandørane kva som blir undersøkt, og leverandørane skal vere visse på at kommunen gjennomfører kontrollar, reagerer på avvik og følger opp retting. Slike kontrollar er ein viktig del av anskaffingsregelverket for å sørge for at dei lovnadene leverandøren faktisk kjem med blir følgd opp i anskaffingane. Vår vurdering av høva med kontraktsoppfølging i Time kommune er at slik oppfølging finn sted og er tilstrekkelig til å oppnå ønskt effekt.

**Oppsummering – Innkjøp i praksis**

Kommunen utnyttar dei ressursane dei har på anskaffingar på ein god måte. Dei er med i alle anskaffingar og det er samanheng mellom kva som er gitt i kommunen sine retningsline og kva dei tilsette opplyser om at er praksis i kommunen. Praksis synes òg å vere føreseieleg og god for kommunen sin del.

## Enkeltsaker

Ut frå dei ovanfor nemnte sakene er det vår vurdering at Time kommune følger opp krav frå overordna offentlege mynde i høve anskaffingar. Det punktet kommunen skiljar seg ut på er kravet om fagarbeiderar, der kommunen krev 40 % arbeiderar med fagbrev.

I høve anskaffinga av elbilar har vi fått vite at kommunen sin bilpark var tilfredsstillande og at det ikkje var eit konkret behov for å byte bilar. Det var heller ikkje stilt krav til berekraft i anskaffinga. At kommunen vel å byte ut bilar som fungerer etter behovet med nye bilar bryt med avfallshierarkiet der første punkt er fortsatt bruk. At det vidare ikkje vart stilt krav relatert til berekraft i anskaffinga er etter vår vurdering ein svakheit.

Til sist stiller kommunen i fleire anskaffingar krav som uansett følger av lov og forskrift. I ein anskaffing skriv kommunen rett ut at det er eit krav at leverandøren følger lov og forskrift. Krav som følgje av lov og forskrift vil alltid vere forpliktande for leverandøren. Kommunen behøver ikkje stille krav om det. Kommune burde stille krav om at leverandøren dokumenterer korleis dei etterlev krava og at brot kan føre til mangel i høve forpliktingane i avtala.

**Kva sertifiseringar blir kravde for å ivareta miljøkrav og kvifor? Er sertifiseringar som blir kravde relevante og har dokumentert effekt for å redusere negativ miljøpåverknad?**

Vår vurdering er at kommunen gjer konkrete og gode vurderingar knytt til anskaffingane som sikrar at sertifiseringskrav som blir stilte er hensiktsmessige. Kommunen har òg ein praksis som sikrar at ein ikkje stiller krav om sertifiseringar i strid med lov om offentlege anskaffingar.

**Innan relevante områder (mellom anna bygg og anlegg, avfallsinnsamling, transport mv.): I kva grad følger kommunen opp DFØ sin kriterieveiviser for miljøkrav i offentlige anskaffingar?**

Kommune svarer at dei nyttar DFØ sin vegvisar i anskaffingane sine, og svarer såleis ut problemstillinga. I tillegg til kriterievegvisaren syner kommune til at dei nyttar marknadsdialog, som vi oppfattar som relevant og hensiktsmessig for kommunen. Dei sikrar seg kunnskap om kva dei reelt sett kan krevje i marknaden før dei lyser ut anbod, noko som fører tila t dei treff betre med konkrete miljøkrav.

**Oppsummering – Enkeltsaker**

Krava som blir stilte i sakene vi har gått gjennom er ikkje alltid del av vektinga i konkurransane. Om kommunen ynskjer å gje leverandørane insentiv for å forbetre seg på bærekraft bør det vere vekting av miljøkriteria slik at dei som er best får fleire poeng for det. Krava kan både vere minimumskrav og vekta i same konkurranse.

KPMG
© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

Måten kommunen nyttar sertifiseringar er god. Det vesentlige er at kommunen har eit bevisst forhold til kvifor det er stilt krav om sertifisering, og følgjer det opp på ein hensiktsmessig måte.

## Anbefalingar

**Time kommune har eit godt og hensiktsmessig arbeide med bærekraft i sine anskaffingar. Våre anbefalingar til kommunen har som formål å hjelpe kommunen å styrke arbeidet i tida framover.**

Vi anbefaler at Time kommune:

1. Forankrar og prioriterer strategiske satsingar på bærekraft i anskaffingar i politisk leiing.
2. Prioriterer harmonisering av miljøkrav med omeignskommunane uavhengig av søknad til DFØ.
3. Utarbeider og implementerer strategi for varig utnytting av ressursar i samsvar med EU sin avfallspyramide.
4. Konkretiserer krav til sosiale høve i leverandørkjeda i alle anskaffingar. Inkludert å førebu seg på openheitslova.
5. Etablerer ein praksis for vekta miljøkrav i alle anskaffingar.

KPMG

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

# Innhald


**1. Innleiing** **8**

1.1 Bakgrunn 8

1.2 Føremål 8

1.3 Problemstillinger 8

1.4 Revisjonskriterier 9

1.5 Metode 11

**2. Organisering av innkjøp i Time** **12**

**3. Styringsdokumentar** **13**

3.1 Innleiing 13

3.2 Kva styringsdokumenter legger sentrale føringar på offentlige anskaffingar i Time kommune med særlig omsyn på miljø og sosiale forhold 13

3.3 Oppsummering 16

**4. Praktisering – innkjøp i praksis** **17**

4.1 Innleiing 17

4.2 I kva grad følger kommunen egne retningslinjer i sine offentlige anskaffingar med særlig omsyn på miljø og sosiale forhold? 17

4.3 Oppsummering 19

**5. Enkeltsaker** **20**

5.1 Innleiing 20

5.2 Er krava som kommunen formulerer i konkurransegrunnlag hensiktsmessige for å støtte opp om miljøomsyn i kommunens anskaffingar, og følger krava opp føringar i sentrale styrande dokumenter? 20

5.3 Oppsummering 22

**6. Anbefalingar** **23**

6.1 23

**7. Fråsegn frå kommunedirektør** **24**



KPMG

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

# 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet vedtok i møte 6.09.2021, sak 22/21, å bestille ein prosjektplan om temaet *«Offentlige anskaffelser og miljø»*.

KPMG ble bedt om å lage et prosjektmandat og foreslår følgande tema for revisjonen:

- Gjennomgang av retningslinjer og rutinar knytt til offentlige anskaffingar, med omsyn på miljø
- Gjennomgang av kommunens praksis knytt til å ivareta miljø i offentlige anskaffingar
- Ein vurdering av dei krav som blir formulert i konkurransegrunnlag med omsyn på om dei er hensiktsmessige for å støtte opp under miljøomsyn i kommunens anskaffingar

## 1.2 Føremål

Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vært å undersøkje i kva grad Time kommune tek i vare sitt ansvar kva gjeld miljøvennlege innkjøp

Undersøkinga har vært være forbetringsorientert, og hatt som føremål å gi anbefalingar om tiltak om det blir avdekt avvik eller moglege forbetringar.

Offentlige anskaffingar er ein sektorovergivande funksjon i kommunen. I tillegg er arbeidet med miljø sektorovergivande sjølv om utbyggingsprosjekter og anleggsarbeid etter erfaring er dei områda der det å ta miljøomsyn har størst effekt. Miljø, generelt og innan anskaffingar, blir via stadig meir merksemd både nasjonalt og kommunalt. Som nemnt er det i ei rekke kommunar utarbeidet ambisiøse strategiar for heilskapleg og koordinert arbeid med miljø- og klima i tillegg til at det blir lagt ned eit betydelig arbeid nasjonalt, ikkje minst i forbindelse med DFØ sitt arbeid med å utarbeide rettleiingsmateriell som for eksempel kriterierettleiaren. I tillegg blir det gjort det tydelegare kolbingar i regelverk mellom miljømessige og sosiale risiko og omsyn i anskaffingar som det er hensiktsmessig at kommunar syner til at dei varetar. DFØ har utviklet nye etiske kontraktskrav som gir oppdragsgivaren moglegheit til å følge opp leverandører på krava i den nye Åpenhetsloven.

## 1.3 Problemstillingar

Problemstillingane for forvaltningsrevisjonen har vært:

**Styringsdokumentar**

1. Kva styringsdokumenter legger sentrale føringar på offentlige anskaffingar i Time kommune med særlig omsyn på miljø og sosiale forhold?
   1.1. I kva grad gir styringsdokumenta klare føringar for arbeidet med miljø og sosiale forhold i offentlige anskaffingar i kommunen?
   1.2. I kva grad ligger nasjonalt regelverk og rettleiingsmateriell, kva gjelder miljø i offentlige anskaffingar, til grunn for Time kommunes styrande dokumenter på området?
   1.3. Har Time kommune satt seg ambisjonar i sine styringsdokumenter som går utover dei nasjonale? I så fall: På kva områder?

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

**Praktisering/innkjøp i praksis**

2. I kva grad følger kommunen egne retningslinjer i sine offentlige anskaffingar med særlig omsyn på miljø og sosiale forhold?
   2.1. I kva grad bidreg innkjøpsteamet innan offentlige anskaffingar som rådgjevar?
   2.2. Er det sektorvise forskjellar i etterlevinga av kommunens retningslinjer?
   2.3. I kva grad er eksisterande styrande dokumentasjon i praksis dekkande på området miljø og sosiale forhold innan offentlige anskaffingar?
   2.4. Kva betyding har interkommunale samarbeid på innkjøpsområdet for kommunens etterleving av egne mål på miljøområdet?
   2.5. Korleis gjennomførast oppfølging av anskaffingar kor det blir satt krav om miljø?

**Enkeltsaker: Kva slags miljøkrav stilles?**

3. Er krava som kommunen formulerer i konkurransegrunnlag hensiktsmessige for å støtte opp om miljøomsyn i kommunens anskaffingar, og følger krava opp føringar i sentrale styrande dokumenter?
   3.1. Kva sertifiseringer blir krevde for å ivareta miljøkrav og kvifor?
   3.2. Er sertifiseringar som blir kravde relevante og har dokumentert effekt for å redusere negativ miljøpåverknad?
   3.3. Innan relevante områder (mellom anna bygg og anlegg, avfallsinnsamling, transport mv.): I kva grad følger kommunen opp DFØ sin kriterieveiviser for miljøkrav i offentlige anskaffingar?

## 1.4 Revisjonskriterier

Til problemstillingane stiller vi opp revisjonskriterier. Revisjonskriterier er de krav og normer som tilstand og/eller praksis i kommunen målast mot. Revisjonskriterier må være aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Sentrale kjelder til å utlede revisjonskriterier har vært:

- ✓ Lov om offentlige anskaffelser (anskaffelsesloven)
- ✓ Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (Forvaltningsloven)
- ✓ Forskrift om offentlige anskaffelser (anskaffelsesforskriften)
- ✓ Åpenhetsloven
- ✓ Kommunale vedtak og retningslinjer
- ✓ Rettleiingsmateriale fra DFØ
- ✓ Meld. st. 22 (2018-2019) Smartere innkjøp – effektive og profesjonelle offentlige anskaffelser
- ✓ Handlingsplan for økt andel klima- og miljøvennlige offentlige anskaffelser og grønn innvoasjon (DFØ )
- ✓ Gode rutinar/strategiar og praksis i kommunesektoren

### 1.4.1 Nasjonalt regelverk

I lov om offentlige anskaffingar § 5[1] står det at offentlige oppdragsgivar *"skal innrette sin anskaffelsespraksis slik at den bidrar til å redusere skadelig miljøpåvirkning, og fremme klimavennlige løsninger der det er relevant."*

[1] § 5.Miljø, menneskerettigheter og andre samfunnshensyn

Statlige, fylkeskommunale og kommunale myndigheter og offentligrettslige organer skal innrette sin anskaffelsespraksis slik at den bidrar til å redusere skadelig miljøpåvirkning, og fremme klimavennlige løsninger der dette er relevant. Dette skal blant annet skje ved at oppdragsgiveren tar hensyn til livssykluskostnader. Disse oppdragsgiverne skal også ha egnede rutiner for å fremme respekt for grunnleggende menneskerettigheter ved offentlige anskaffelser der det er en risiko for brudd på slike rettigheter. Departementet kan gi forskrift om det nærmere innholdet av bestemmelsen.

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

I dette ligg det både krav til korleis arbeidet med anskaffingar styres og organiserast, og krav til de enkelte anskaffingane.

Disse krava er ytterligare spesifisert i forskrift om offentlege anskaffingar (FOA). Mellom anna går det føre av FOA § 7-9 at det er anbefalt å vekte eit miljøtildelingskriterium minimum 30 %. Det går vidare føre at kommunar kan stille krav om at produktet eller tenesta er tredjepartssertifisert med eit miljømerke som for eksempel Svanemerket. Kva som skal til for at eit oppfyller vilkåra i FOA går føre av § 15-3.

Som oppdragsgivar må kommunane vurdere kva anskaffingar det er relevant å stille krav til, kva krav og kriterier det er relevant å stille og korleis tilbod evaluerast på grunnlag av disse. I tillegg må kommunane sørge for at anskaffingane følges opp slik at miljøgevinsten faktisk tas ut. Det er for eksempel ikkje nok å stille krav til at det skal være miljøvennlige produkt i sortimentet dersom kommunen ikkje også sørger for at det er disse produkta som faktisk blir tatt i bruk.

Skildringar av prioriteringar og tiltak på grøne anskaffingar bør være mest mulig konkrete. Døme på styrande dokumenter som kan innehalde mål og/eller tiltak er:

- ✓ Anskaffingsstrategi
- ✓ Klimabudsjett
- ✓ Klima- og miljøplan
- ✓ Handlingsplaner (f.eks. på plast)

Det finnes også ei rekke kommunar som legg ned eit omfattande arbeid i å jobbe med grøne anskaffingar. DFØ viser og til Oslo og Trondheim kommunes anskaffingsstrategiar, Hamar kommunes klimabudsjett og Elverum kommunes strategiske plan for klima og energi kan være til inspirasjon for andre. I Lillestrøm kommune har de laget en egen strategi for grøne innkjøp. Stavanger kommune samarbeider med fem andre europeiske byer som gjennom en før-kommersiell anskaffingar ser på kunstig intelligens (AI) som ei løysing for å kutte klimagassutslepp og bidra til å innfri sine klimaforpliktingar. Det er fleire gode døme på innovativeanskaffelser.no[2].

I juni 2021 vedtok Stortinget Åpenhetsloven[3], som trer i kraft 1 juli 2022. Loven gjelder for større verksemder som tilbyr varer og tenester i Norge. Dette vil med stort sannsyn inkludere fleire av kommunens leverandører.  Loven skal fremme verksemders respekt for grunnleggande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold i forbindelse med produksjon av varer og levering av tenester, og sikre allmennheten tilgang til informasjon om korleis verksemder handterer negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold.

Åpenhetsloven må sjåast i samanheng med anskaffelesloven § 5 kor det står "*Disse oppdragsgiverne skal også ha egnede rutiner for å fremme respekt for grunnleggende menneskerettigheter ved offentlige anskaffelser der det er en risiko for brudd på slike rettigheter.* " Arbeidet med miljø og sosiale forhold i anskaffingar henger tett saman, spesielt i anskaffingar kor produkt kategorisert som høg risiko inngår. Vi oppfattar at det kan være relevant for kommunen å ta ein gjennomgang av arbeidet med å tilpasse kommunens praksis til krav i offentlige anskaffingar som vil følge av Åpenhetsloven som vil treffe store deler av leverandørmarknaden.

---

Oppdragsgiveren kan stille egnede krav og kriterier knyttet til ulike trinn i anskaffelsesprosessen, slik at offentlige kontrakter gjennomføres på en måte som fremmer hensyn til miljø, innovasjon, arbeidsforhold og sosiale forhold, forutsatt at kravene og kriteriene har tilknytning til leveransen.

Departementet kan i forskrift pålegge statlige, fylkeskommunale og kommunale myndigheter og offentligrettslige organer å stille krav om begrensninger i antallet ledd i leverandørkjeden ved utførelsen av offentlige kontrakter i bransjer med særlige utfordringer knyttet til arbeidslivskriminalitet.

Oppdragsgiveren skal stille krav til universell utforming i offentlige kontrakter i samsvar med regler som fastsettes i forskrift.

[2] https://innovativeanskaffelser.no/blogg/stavanger-kommune-utfordrer-naeringslivet-til-a-utvikle-ai-losninger-for-a-na-klimamal/

[3] https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-06-18-99

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

## 1.5 Metode

For å svare på problemstillingane har vi samle inn data ved bruk av følgande metodar:

- ✓ Dokumentanalyse
- ✓ Intervju
- ✓ Stikkprøver/kontroll av enkeltsaker

Til grunn for forvaltningsrevisjonen ligg ein gjennomgang av kommunen sine styrande dokument for anskaffingar. I tillegg er det gått gjennom dokument knytt til stikkprøve av enkeltsaker.

Kommunen har ein konsentrert og sentralisert struktur for gjennomføring av anskaffingar. Vi har intervjua dei tre personane som arbeider med anskaffingar i Time kommune.

KPMG
© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

# 2. Organisering av innkjøp i Time

Økonomisjefen i Time kommune er gitt ansvar for offentlige anskaffingar i kommunen. Under økonomisjefen er det tilsett ein innkjøpssjef i 100 % stilling som er sertifisert som innkjøper. Ved sidan av innkjøpssjef er prosjektleierar innan bygg og anlegg sentrale i innkjøpsfunksjonen. Plan og bygg står for betydelige deler av kommunens anskaffingar, men innkjøpsfunksjonen skal betene alle sektorer i kommunen kva gjelder offentlige anskaffingar. Systemet for offentlige anskaffingar er lagt opp slik at alle offentlige anskaffingar skal gå gjennom innkjøpssjefen, utanom dei minste anskaffingane.

Kommunen tar elles del i et innkjøpssamarbeid med fleire nabokommunar. Innkjøpssamarbeidet er skildra i den innleiande samtalen som både et samarbeid for kunnskapsoverføring mellom kommunane og et innkjøpssamarbeid der dei nemnte kommunane saman forvaltar ei rekke rammeavtaler for å oppnå betre prising av tenester enn kva kommunane kvar for seg ville klart.




Av dokumenter som er relevant på området skal ny anskaffingsstrategi og innkjøpsreglement leggast frem for kommunestyret. Ny strategi skal løfte vektlegginga av miljø, mellom anna berekraftsomsyn i forbindelse med offentlige anskaffingar.

Kommunedelplanen for energi og klima (2011-2022) legger elles ein del føringar for miljøvurderingar i forbindelse med offentlige anskaffingar. Denne planen arbeidas det også med å oppdatere. Oppdateringa vil, ifølge økonomisjef, med stor sannsyn falle etter det føreslåtte forvaltningsrevisjonsprosjektet i tid.

KPMG
© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

# 3. Styringsdokumentar

## 3.1 Innleiing

Styringsdokumenta i kommunen for anskaffingar består av en anskaffingsstrategi og eit innkjøpsregelverk. I tillegg er det syna til seriøsitetskrav som stilles til leverandørar i byggeanskaffingar og vi har gått gjennom kommunen sin etiske retningsline.

## 3.2 Kva styringsdokumenter legger sentrale føringar på offentlige anskaffingar i Time kommune med særlig omsyn på miljø og sosiale forhold

Time kommune har ein **anskaffingsstrategi** som gjeld for alle innkjøp i kommunen. Strategien er delt inn i hovudmål og delmål. Hovudmålet er at «*Time kommunes anskaffelser skal bidra til bærekraftig verdiskapning til lavest mulig ressursbruk og skape tillit til Time kommune som innkjøper.*» med følgande skildring:

«*Anskaffelser skal støtte kommunens overordnede mål for langsiktig utvikling og dekke vårt daglige behov for anskaffelser. Det skal gjennomføres økonomisk og kvalitativt gode anskaffelser med vekt på klima-, miljø- og samfunnsansvar. Anskaffelsene skal være korrekte, legge til rette for lokal og regional næringsutvikling og baseres på høy anskaffelsesfaglig kompetanse.*»

Hovudmålet er følgd opp i fire delmål og det er delmål fire om miljø og samfunnsansvar som gjeld bærekraft i anskaffingsprosessen. Delmålet er at «*Time kommune skal være sitt samfunnsansvar bevisst og etterspør varer og tjenester etter høy etisk og sosial standard. Miljø og bærekraft skal være førende for våre anskaffelser og være et virkemiddel for å gjennomføre kommunen sine miljø og klimastrategier.*»

2.4 Delmål 4 - Miljø og samfunnsansvar

***Time kommune skal være sitt samfunnsansvar bevisst og etterspør varer og tjenester etter høy etisk og sosial standard. Miljø og bærekraft skal være førende for våre anskaffelser og være et virkemiddel for å gjennomføre kommunen sine miljø og klimastrategier***

I lov og forskrift om offentlige anskaffelser er hensynet til miljø- og klimavennlige anskaffelser og kravet til samfunnshensyn forsterket. Det er også innført plikt til å kontrollere flere av disse forholdene i kontraktsperioden. Time kommune skal ivareta ulike samfunnshensyn innenfor rammen av en effektiv og helhetlig anskaffelsespolitikk.

**Slik vil vi ha det:**

- Time kommune skal gjennom våre anskaffelser bidra til et lavest mulig forbruk og miljøbelastning.
- Anskaffelser skal bidra til bedre arbeidsforhold, respekt for grunnleggende menneskerettigheter, sikre like arbeidsvilkår og fremtidig konkurransekraft for næringslivet.
- Time kommune skal være en inkluderende kommune og ta samfunnsansvar i forhold til å skape et rausere arbeidsliv slik at vekst og attføringsbedrifter kan få mulighet til å være leverandør eller underleverandør.

**Slik vil vi gjøre det:**

- Tett samarbeid med kompetansemiljøer og andre kommuner på klima og miljø som virkemiddel i anskaffelser
- Prioritere innkjøpsområder ut fra hvor det har størst effekt av at det stilles gode og effektive miljøkrav. Vurdere miljøkonsekvenser og livssykluskostnader (LCC) ved anskaffelser
- Øke miljøkompetanse internt i organisasjonen og drive holdningsskapende arbeid.
- Utarbeide maler og rutiner for miljøkrav i konkurranser og kontraktsoppfølging.
- Legge til rette for kortreiste produkter og vurdere gjenbruk der det er naturlig.
- Etterspørre løsninger med lavest mulig klimaavtrykk der dette er hensiktsmessig.
- Benytte Time kommunes seriøsitetskrav og rutiner for oppfølging av lønns- og arbeidsvilkår i bygg- og anleggskontrakter.
- Sette krav til bruk av faglært arbeidskraft og lærlinger i bygg- og anleggskontrakter
- Vedlikeholde kompetanse og samarbeid med arbeidstilsynet og *SMSØ (Samarbeid Mot Svart Økonomi)*.
- Vurdere om vekst- og attføringsbedrift kan være mulige leverandør eller underleverandør i anskaffelsene

Utdjupinga er det vist til krav frå overordna mynde.
Så er det gitt to punktlister – ei for korleis kommunen vil ha det og ei for korleis kommunen vil gjere det. Lista over korleis kommunen vil ha det inneheld tre punkter:

- ✓ *Time kommune skal gjennom våre anskaffelser bidra til et lavest mulig forbruk og miljøbelastning.*
- ✓ *Anskaffelser skal bidra til bedre arbeidsforhold, respekt for grunnleggende menneskerettigheter, sikre like arbeidsvilkår og fremtidig konkurransekraft for næringslivet.*
- ✓ *Time kommune skal være en inkluderende kommune og ta samfunnsansvar i forhold til å skape et rausere arbeidsliv slik at vekst og attføringsbedrifter kan få mulighet til å være leverandør eller underleverandør.*

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

Lista over korleis kommunen vil gjere det inneheld ti punkt:

- ✓ *Tett samarbeid med kompetansemiljøer og andre kommuner på klima og miljø som virkemiddel i anskaffelser*
- ✓ *Prioritere innkjøpsområder ut fra hvor det har størst effekt av at det stilles gode og effektive miljøkrav. Vurdere miljøkonsekvenser og livssykluskostnader (LCC) ved anskaffelser*
- ✓ *Øke miljøkompetanse internt i organisasjonen og drive holdningsskapende arbeid.*
- ✓ *Utarbeide maler og rutiner for miljøkrav i konkurranser og kontraktsoppfølging.*
- ✓ *Legge til rette for kortreiste produkter og vurdere gjenbruk der det er naturlig.*
- ✓ *Etterspørre løsninger med lavest mulig klimaavtrykk der dette er hensiktsmessig.*
- ✓ *Benytte Time kommunes seriøsitetskrav og rutiner for oppfølging av lønns- og arbeidsvilkår i bygg- og anleggskontrakter.*
- ✓ *Sette krav til bruk av faglært arbeidskraft og lærlinger i bygg- og anleggskontrakter*
- ✓ *Vedlikeholde kompetanse og samarbeid med arbeidstilsynet og SMSØ (Samarbeid Mot Svart Økonomi).*
- ✓ *Vurdere om vekst- og attføringsbedrift kan være mulige leverandør eller underleverandør i anskaffelsene*

Time kommune har eit **innkjøpsregelverk** godkjent av leiargruppa. Regelverket definerer roller, ansvar og mynde, det inneheld eit felles sett med regler, og det skildrar sjølve anskaffingsprosessen.

I defineringa av roller er det gitt klare skildringar av kva ansvar og mynde som ligg til fleire av rollene i kommunen. Dei seks rollene som er definert er:

- ✓ Kommunestyret
- ✓ Kommunedirektør
- ✓ Innkjøpsleiar
- ✓ Verksemdeleiar
- ✓ Eigedomssjef, og plan og utbyggingssjef
- ✓ Bestillar

I tillegg til dei som er nemnte over er det skildra ansvar for kommunalsjefar og særleg for kommunalsjef samfunn inn under skildringa av kommunedirektøren sitt ansvar.




Dei felles innkjøpsreglane definerer kva kommunen skal ta omsyn til i anskaffingar blant omsyna finn ein både «*miljø, menneskerettigheter og andre samfunnshensyn*» samt «*lønns- og arbeidsvilkår og bruk av lærlinger i bygge- og anleggskontrakter*». Det er ikkje vidare definert korleis ein skal gjere eller vekte desse omsyna. I same avsnitt er det òg syna til at kommunen skal ta omsyn til dei etiske retningslinene i Time kommune. Desse inneheld ikkje krav til bærekraft.

Til sist i dokumentet er det skildra ein prosess for anskaffingar som kommunen har kalla for Timemåten.

Kommunen opererer òg med **seriøsitetskrav i byggeprosjekter kor Time kommune er byggherre**, samt ei tilhørande **rutine for oppfølging av seriøsitetskrav i Time kommune**. Seriøsitetskrava inneheld mellom anna kapittel om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø, krav til lønns- og arbeidsvilkår og bruk av underleverandør inkludert innleidd arbeidskraft. I seriøsitetskrava er det mellom anna stilt krav om at minimum 7 % av arbeidet skal gjennomførast av lærlingar og at minimum 40 % skal gjennomførast av personar med fagbrev eller liknande.

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

### 3.2.1 I kva grad gir styringsdokumenta klare føringar for arbeidet med miljø og sosiale forhold i offentlige anskaffingar i kommunen?

Som skildra over gir styringsdokumenta føringar om at ein skal ta omsyn til «*miljø, menneskerettigheter og andre samfunnshensyn*» samt «*lønns- og arbeidsvilkår og bruk av lærlinger i bygge- og anleggskontrakter*» i alle anskaffingar i kommunen. Det er òg stilt klare og felles seriøsitetskrav til leverandørar i bygge- og anleggsavtaler.

Det er ikkje skildra korleis ein skal vekte omsyn til miljø og sosiale høve. Det er heller ikkje skildra kva kommunen legg i miljø og andre samfunnsomsyn.

**Vurderingar**

Vår vurdering er at Time kommune har klare og eins føringar for mykje av bærekraftskrava som kommunen skal arbeide etter. Kommunen har stilt krav og laga rutinar som oppfyll dei lov- og forskriftsfesta krava til offentlige anskaffingar.

Vi ser at kommunen kan skildre klarare kva som inngår i miljø, og særleg andre samfunnsomsyn. Sjølv om det tidvis må gjerast store konkrete tilpassingar i den einskilde anskaffingsprosessen er det døme på felles forståing av miljø som kan og bær skildrast i dei sentrale dokumenta i kommunen. Til dømes om det gjeld lokale eller globale omsyn, kva omsyn ein vektlegg og korleis ein bør vekte miljø totalt sett. Det same gjeld andre samfunnsomsyn som i dag er eit punkt som ikkje synes som klart for forvaltningsrevisor.

Sjå òg kapittel 3.2.3.

### 3.2.2 I kva grad legger nasjonalt regelverk og rettleiingsmateriell, kva gjelder miljø i offentlige anskaffingar, til grunn for Time kommunes styrande dokumenter på området?

Time kommune er omfatta av klare krav til offentlige anskaffingar gjennom nasjonalt regelverk i både lov og forskrift. Dei primære kjeldene er lov- og forskrift om offentlige anskaffingar. Til desse er det og særreglar for bygge- og anleggsarbeide og eigne forskrifter om allmenngjorde tariffavtalar.

I innkjøpsregelverket er det syna direkte til lov om offentlige anskaffingar med forskrifter. I seriøsitetskrava for byggeprosjekt er det syna til praksiskandidatordninga i opplæringslova, skatteforvaltningslova, arbeidsmiljølova med forskrifter, allmenngjøringslova samt anskaffings- og forsyningsforskriftene. I den tilhøyrande rutinen er det òg syna til byggherreforskrifta.

**Vurderingar**

Vår vurdering er at Time kommune har lagt nasjonalt regelverk til grunn på ein korrekt og god måte i sin utforming av styrande dokumentasjon. Frå 1. juli 2022 vil openheitslova gjelde i Norge. Det er ikkje skildra nokon knyting til denne i kommunen sine styringsdokumenter i dag. Vi ser derfor at kommunen kan ha eit arbeide føre seg om å tilpasse seg denne lova der det er hensiktsmessig.

Time kommune kan òg forbetre korleis ein knyt anskaffingar opp mot nasjonale strategiar og retningsliner som DFØ sin **Handlingsplan for økt andel klima- og miljøvennlige offentlige anskaffelser og grønn innovasjon**. Handlingsplanen inneheld mellom anna ti hovudgrep kor det første hovudgrepet mellom anna går ut på å fremme løysingar for lågt og null utslepp og sirkulær økonomi. Time kommune har ingen skildring av sirkulær økonomi i sine styrande dokumenter. Det er heller ikkje sildra til relaterte tema som EU sit avfallshierarki, som er ein vesentleg del av det arbeidet med berekraft i EU og EØS.




Avfallshierarkiet

Retursamarbeidet LOOP.
Lisens: fri

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

Time kommune har ikkje ein plan for å tilpasse seg eller utnytte EU sin taksonomi for grøne aktiviteter i sine innkjøp. Det er ei ny regulering som ikkje er omsyn tatt i korkje bedrifter eller det offentlege i stor grad til dags dato. Reguleringa som kjem frå EU vil ha stor verknad på korleis ein tenker berekraft i unionen, og det vil påverke både næringslivet og norske kommunar.

I Norge vil den nye openheitslova byrje å gjelde frå 1. juli 2022. I EU er det òg freslått eit ei regulering som tek føre seg mykje av det same som i openheitslova i Norge. Desse reguleringane pålegg verksemder å synleggjere vurderingar i verdikjedene sine som gjeld menneske- og arbeidarrettar. Dette er òg eit område der kommunane må utnytte reguleringa som kjem i arbeidet sitt med nye leverandøravtalar. Vi meiner det kan vere nyttig av Time kommune å byrje bu seg på desse lovendringane i sine anskaffingsprosessar.

### 3.2.3 Har Time kommune satt seg ambisjonar i sine styringsdokumenter som går utover dei nasjonale? I så fall: På kva områder?

Time kommune sine ambisjonar er basert på Meld. St. 22 (2018-2019) «*Smartare innkjøp og profesjonelle offentlige anskaffingar*». Det er ikkje syn til ambisjonar ut over dei nasjonale her, men kommunen har i **seriøsitetskrav i byggeprosjekter kor Time kommune er byggherre** stilt krav om at at ein leverandør skal nytte personar med fagbrev eller liknande i minst 40 % av arbeidet, og lærlingar i minst 7 %. Det siste punktet er markert som ope for forhandling.

**Vurderingar**

Kommunen stiller klare krav om bærekraft til sine leverandørar og ambisjonsnivået er eins med nasjonale målsetnader. Det er kunn eit område kor kommune har gått lenger, og det er i høve å nytta faglærde i arbeidet i der kommunen er byggherre.

Å stille krav til bærekraft i prosjekt som er tinga i offentleg regi medfører i mange tilfelle auka kostander for oppdragsgjevar. Om det blir stilt generelle krav er det difor viktig at slike krav er politisk forankra og ikkje oppstår av seg sjølv i organisasjonen. Vi meiner at det kravet som er stilt om krav til nytting av faglærte er innafor den kompetansen administrasjonen må ha til å stille konkrete krav. Det er i røynda eit krav om kompetanse hjå tilbydar som kan komme oppdragsgjevar til gode.

## 3.3 Oppsummering

Time kommune har gode styringsdokument som legg føringar på kommunen sine anskaffingar i alle sektorar. Dokumenta svarer ut krav i nasjonalt regelverk og stiller òg skjerpa krav til leverandørar i kommunen. Som vurderingane over syner er det i dag eit intensivert arbeid i EU og nasjonalt i Norge om skjerpa krav til bærekraft på fleire områder. Kommunen har allereie eit godt arbeide med bærekraft i anskaffingar men bør vurdere å skjerpe og prioritere samarbeidet med dei andre kommunane i regionen om felles miljøkrav og utnytting av nye krav frå EU.

Ei utvikling som kommunen truleg vil sjå meir av framover er auka utnytting av dei ressursane ein allereie har. Det kan vere tale om levetidsplan for einskilde anskaffingar som ein bil, eller utnytting av komponentar som går inn i ei anskaffing. Med det utgangspunktet Time kommune har vil det truleg vere hensiktsmessig å vurdere ei føring på fortsatt- og gjenbruk av materiale i kommunen sine strategiar.

KPMG

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

# 4. Praktisering - innkjøp i praksis

## 4.1 Innleiing

Kommunen har ein konsentrert innkjøpsfunksjon. Som syna til i kapittel 2. Det er dei personane som driv med anskaffingar som i hovudsak ser til at retningslinene blir følgde i kommunen.

## 4.2 I kva grad følger kommunen egne retningslinjer i sine offentlige anskaffingar med særlig omsyn på miljø og sosiale forhold?

Her har vi sett hen til dei dokumenta som er handsama over i kapittel 3.

### 4.2.1 I kva grad bidreg innkjøpsteamet innan offentlige anskaffingar som rådgjevar?

Time kommune har ein innkjøpsleiar i 100 % dedisert innkjøpsfunksjon. I tillegg er det to prosjektleierar i kommunen som er sertifisert på innkjøp av KS. Alle anskaffingar i kommunen går via desse tre personane. Dei to prosjektleierane har ansvar for anskaffingar som ligg i sin portefølje mens innkjøpsleiaren er involvert i alle andre innkjøp kommunen gjennomfører.

Alle dei tre som er involverte i anskaffingar i kommunen er sertifiserte; ingen av dei er sertifiserte i SOA Bærekraft.

**Vurderingar**

Det er ikkje stilt opp konkrete krav til innkjøpskompetanse i lov om offentlige anskaffingar. Omsynet til god forvaltningsskikk sett hen til DFØ si skildring på anskaffelser.no og sertifiseringsordninga for offentlige anskaffingar (SOA) syner samstundes til at ein har eit høgt krav om varsemd knytt til gjennomføring av offentlige anskaffingar. Det gjeld ikkje minst i høve til fara for brot med statstøtteregelverket i EØS-avtalen. I vurderinga legg vi til grunn at kommune både må ha og nytte seg av kompetanse som er eigna til å skire at kommunen oppfyller krava i lov om offentlige anskaffingar.

Det er vår vurdering av måten kommunen nyttar tre sertifiserte personar i høve anskaffingar er nødvendig og hensiktsmessig for kommunen. At det er ein hovudperson som har hovudansvar for å bidra i anskaffingar i kommunen og to andre som har konkret ansvar gjer ansvarslinene tydelige og enkle. Samstundes sikrar det at det er tilstrekkelig kompetanse i anskaffingsfunksjonen.

### 4.2.2 Er det sektorvise forskjellar i etterlevinga av kommunens retningslinjer?

Kommunen har som nemnt ein sentralisert innkjøpsfunksjon som blir utøvd av ein person. I tillegg er det to prosjektleierar hovudsakelig knytt til større prosjekt, den eine for bygg. Kommune er òg med i samarbeid med andre kommunar der det er vertskommunen som har kontroll på anskaffingane.

**Vurderingar**

Det er ikkje noko som tyder på at det er forskjellar internt i kommunen i etterleving av retningsliner.

Høva ved innkjøp gjennomført av andre kommunar i kommunalt samarbeid høyrer til vertskommunen sitt kontrollsystem og er ikkje undersøkt eller vurdert av oss.

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

### 4.2.3 I kva grad er eksisterande styrande dokumentasjon i praksis dekkande på området miljø og sosiale forhold innan offentlige anskaffingar?

Som skildra i 2.2.1 gir styringsdokumenta føringar om at ein skal ta omsyn til «*miljø, menneskerettigheter og andre samfunnshensyn*» samt «*lønns- og arbeidsvilkår og bruk av lærlinger i bygge- og anleggskontrakter*» i alle anskaffingar i kommunen. Det er òg stilt klare og felles seriøsitetskrav til leverandørar i bygge- og anleggsavtaler. Det er ikkje skildra korleis ein skal vekte omsyn til miljø og sosiale høve. Det er heller ikkje skildra kva kommunen legg i miljø og andre samfunnsomsyn.

Tilbakemeldinga frå dei som driv med innkjøp er at klima- og miljøkrava som blir stilte skal oppdaterast i høve ny klima- og miljøplan. Elles opplever dei krava som dekkande.

**Vurderingar**

Vår vurdering er at kommune bør oppdatere krav som blir stilte til klima, miljø og sosiale høve jamleg. Med den endringstakten EU har lagt opp til på feltet er det kanskje nødvendig å ha politisk handsaming av klima- og miljøpolitikken i kommunen i alle fall årleg. Anskaffingar bør då vere skildra og administrasjonen bær vurdere årlege tilpassingar. Samstundes bør en sikre at det er nok dynamikk i styringsdokumenta til at administrasjonen kan tilpasse dei konkrete krava til dei konkrete høva – det gjer dei i dag.

### 4.2.4 Kva betyding har interkommunale samarbeid på innkjøpsområdet for kommunens etterleving av egne mål på miljøområdet?

Det er interkommunale samarbeid om anskaffingar mellom Klepp og andre kommunar. Døme på det er anskaffinga som er gått gjennom under nemnt *storhusholdning*. Kommunen fordeler ansvar for fellesanskaffingar med samarbeidskommunar i regionen. I revisjonsperioden fikk vi opplyst at samarbeidskommunane held på med ein søknad til DFØ om å få to stillingar for systematisering av miljøkrav. Dei arbeider for å harmonisere miljøkrava på tvers av kommunane.

Det er òg dialog mellom kommunane om anskaffingar utan at det er formelle samarbeid om alt. Dialogen blir oppfatta som positiv i høve det litle miljøet for anskaffing som er i Time kommune.

**Vurderingar**

Vi vurderer det som både nødvendig og hensiktsmessig for kommunen å ha samarbeid med kommunane i regionen. Kommunen har eit lite miljø og det er med på å auke kunnskapen på tvers av kommunane å samarbeide med andre. Det er og ein faktor i regionen at kommunane er samde om miljøkrav som blir stilte til leverandørane. Det fører til at krava er føreseielege for leverandørane og gir kommunane større påverknad på korleis dei meiner leverandørane skal oppføre seg i marknaden.

### 4.2.5 Korleis gjennomførast oppfølging av anskaffingar kor det blir satt krav om miljø?

Kommunen følger opp kontraktane i årlege møter med leverandørane. I tillegg blir det gjennomført stikkprøver i kontraktar og dei tek uttrekk etter førehandsgitte parameter. I eit konkret døme vart det gjennomført kontroll av eit prosjekt der totalentreprenøren gjennomførte kontroll hos underleverandørane og kommunen vart med, med to representantar. Totalentreprenøren hadde skjema med spørsmål om arbeidsvilkår og lønn. Miljøkrava som blei stilt var BreeamNor.

Mykje av oppfølginga gjeld HMS. Kommunen har mellom anna sjekka bruk av container ved tømming av pumpevann. Gjennomføring av vernerundar er eit anna døma på oppfølging kommunen nyttar. Dei har oppdaga avvik i slike rundar, og gitt beskjed om stans i aktivitet og retting.

**Vurderingar**

Vår vurdering av kontraktsoppfølginga tek utgangspunkt i at det skal vere føreseieleg for leverandørane kva som blir undersøkt, og leverandørane skal vere visse på at kommunen gjennomfører kontrollar, reagerer på avvik og følger opp retting. Slike kontrollar er ein viktig del av anskaffingsregelverket for å sørge for at dei lovnadene leverandøren faktisk kjem med blir følgd opp i anskaffingane. Vår vurdering av høva med kontraktsoppfølging i Time kommune er at slik oppfølging finn sted og er tilstrekkelig til å oppnå ønskt effekt.

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

## 4.3 Oppsummering

Kommunen utnyttar dei ressursane dei har på anskaffingar på ein god måte. Dei er med i alle anskaffingar og det er samanheng mellom kva som er gitt i kommunen sine retningsline og kva dei tilsette opplyser om at er praksis i kommunen. Praksis synes òg å vere føreseieleg og god for kommunen sin del.

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

# 5. Enkeltsaker

## 5.1 Innleiing

I høve enkeltsaker har vi undersøkt åtte forskjellige anskaffingar:

- ✓ Leker og formingsmateriell
- ✓ Kjøp av elbiler
- ✓ Rammeavtale for tømming av slamavskillere og minirenseanlegg
- ✓ Sotrhusholdning delkontrakt 1
- ✓ Storhusholdning delkontrakt 2
- ✓ Storhusholdning delkontrakt 4
- ✓ Utgraving av tomt for ny idrettshall
- ✓ VA KHV – plan og design

## 5.2 Er krava som kommunen formulerer i konkurransegrunnlag hensiktsmessige for å støtte opp om miljøomsyn i kommunens anskaffingar, og følger krava opp føringar i sentrale styrande dokumenter?

### 5.2.1 Gjennomgang av einskildsaker

#### 5.2.1.1 Leker og formingsmateriell

Under kvalifikasjonskrava er det skildra krav om at leverandøren skal nytte miljøleiingstiltak ved gjennomføring av kontrakten. Eigenerklæring er tilstrekkelig dokumentasjon, ev. dokumentasjon på til dømes EMAS, ISO 14001 eller liknande.

Ved gjennomgang av evalueringsskjema går det føre at Time kommune ikkje har vekta berekraft i konkurransen. Berekraft er kvalifikasjonskrav og den leverandøren som i følgje dokumentasjonen gjer det best på berekraft har ikkje fått poeng for det i konkurransen.

#### 5.2.1.2 Kjøp av elbiler

Det er ikkje stilt krav knytt til berekraft i konkurransen.

I intervju har vi blitt fortalt at bilparken kommunen hadde då ein gjekk til anskaffing av elbilar var tilfredsstillande og at kommunen diverre ikkje hadde føresetnader til å ta omsyn til miljøkostnaden i produksjon av elbilar på det tidspunktet anskaffinga vart gjort.

#### 5.2.1.3 Rammeavtale for tømming av slamavskillere og minirenseanlegg

Det er stilt konkret krav til miljø i konkurransen. For det første er det angitt at «*Det skal tilbys biler og maskiner til oppdraget som miniserer utslipp*» og at «*Leverandøren skal utføre oppdraget på en måte som reduserer belastning på det lokale miljø*». Vidare er det i anskaffinga kravd at:

> *Tilbyder må oppfylle minimumskravene som er oppstilt i kravspesifikasjonen. Svarene på nedenstående spørsmål skal gi en beskrivelse av hvordan disse kravene vil bli overholdt og om*

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

*tilbyder kan tilby meroppfyllelse utover minimumskravene. Alle løsninger som beskrives skal være bindende og inkludert i prisene. Svarene vil bli brukt i evalueringen:*

*Leverandør bes kort beskrive sitt arbeid for bedring av miljø med hensyn til*

*• Bil/maskinpark*

*• Gjennomføringsprosess*

*• Annet arbeid leverandøren ufører*

Skildringa som syna til over blei vekta med 20 % i anskaffinga.

#### 5.2.1.4 Storhusholdning

Det er skildra følgende krav under kapittelet om miljø i anskaffinga:

*Tilbyder skal tilby produkter som til enhver tid oppfylle miljøkrav som følger av gjeldende lover og forskrifter. Produktene skal tilfredsstille gjeldende krav til miljøvennlighet, både ved fremstillingsprosess, emballering, distribusjon, i bruk og ved avfallshåndtering, slik at de reduserer miljøbelastningen.*

*All vareutlevering til oppdragsgiver skal foretas med kjøretøy tilsvarende minimum Euro 5 standard.*

*Oppdragsgiver ønsker å benytte produkter og tjenester som er miljøvennlige. Leverandøren skal sørge for at alle produkter og tjenester som er omfattet av denne avtale er tilstrekkelig merket, og bidra med veiledning etter behov i forhold til sortiment og produktvalg, slik at oppdragsgiver er i stand til å vurdere om hensynene bak dette punktet ivaretas.*

*Hvis norsk leverandør (produsent eller importør) benytter emballasje, skal det på forespørsel fremlegges dokumentasjon for at leverandøren er medlem i en returordning eller oppfyller forpliktelsen med egen ordning for sluttbehandling av emballasjen slik at den blir tatt hånd om på en miljømessig forsvarlig måte (Grønt Punkt Norge AS eller tilsvarende returordning). Tilknytning til returordningen skal opprettholdes i hele avtaleperioden.*

Det første avsnittet medfører ingen realitet. Leverandørene er forplikta til å følgje norske lover og forskrifter. Det andre avsnittet medfører at leverandøren må nytte kjøretøy som ikkje er eldre enn frå 2009 (da Euro 5 standard-motorane kom). Kravet i tredje avsnitt følger ikkje direkte av lov eller forskrift. Kravet i siste avsnitt følger òg i hovudsak av avfallsforskrifta § 7-5.

I kontrakten for storhusholdning er det stilt etiske og sosiale krav. Desse krava følger av internasjonale konvensjonar og er i dag òg omfatta av den nye openheitslova.

#### 5.2.1.5 Utgraving av tomt for ny idrettshall

Det er stilt krav om miljøleiingstiltak som til dømes blir oppfylte av å vere godkjent innanfor ISO 14001. Andre krav knytt til handsaming av overvann følger av forurensingsforskrifta.

I kontrakten er det stilt krav om minimum 40 % fagarbeiderar.

#### 5.2.1.6 VA KHV – plan og design

Krava som er stilte i utlysninga er i samsvar med nasjonale krav. Det er ikkje stilt ytterligare krav. I kontrakten er det stilt krav om 40 % fagarbeiderar.

#### 5.2.1.7 Vurderingar

Ut frå dei ovanfor nemnte sakene er det vår vurdering at Time kommune følger opp krav frå overordna offentlege mynde i høve anskaffingar. Det punktet kommunen skiljar seg ut på er kravet om fagarbeiderar, der kommunen krev 40 % arbeiderar med fagbrev.

I høve anskaffinga av elbilar har vi fått vite at kommunen sin bilpark var tilfredsstillande og at det ikkje var eit konkret behov for å byte bilar. Det var heller ikkje stilt krav til berekraft i anskaffinga. At kommunen vel å

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

byte ut bilar som fungerer etter behovet med nye bilar bryt med avfallshierarkiet der første punkt er fortsatt bruk. At det vidare ikkje vart stilt krav relatert til berekraft i anskaffinga er etter vår vurdering ein svakheit.

Til sist stiller kommunen i fleire anskaffingar krav som uansett følger av lov og forskrift. I ein anskaffing skriv kommunen rett ut at det er eit krav at leverandøren følger lov og forskrift. Krav som følgje av lov og forskrift vil alltid vere forpliktande for leverandøren. Kommunen behøver ikkje stille krav om det. Kommune burde stille krav om at leverandøren dokumenterer korleis dei etterlev krava og at brot kan føre til mangel i høve forpliktingane i avtala.

### 5.2.2 Kva sertifiseringar blir kravde for å ivareta miljøkrav og kvifor? Er sertifiseringar som blir kravde relevante og har dokumentert effekt for å redusere negativ miljøpåverknad?

I gjennomgangen av einskildsaker fann vi at kommunen kravde sertifisering i miljøleiingstiltak. Her syna kommunen til ISO 14001 eller liknande. I tillegg har vi fått opplyst at kommunen har nytta BreeamNor og at andre sertifiseringar vil kunne bli stilt krav om i andre anskaffingar.

Kommunen syner òg til at dei som regel ikkje kan stille krav om ein konkret sertifisering men ein sertifiseringstype, eller nemne ein og opne for liknande sertifiseringar.

Innkjøpsleiaren syner til at det ikkje er hensiktsmessig å berre stille krav om ei sertifisering utan å vite konsekvensane av den hjå leverandørane. Føremålet med alle sertifiseringane som det blir stilt krav om er å minske den negative verknaden på miljøet. Det er difor viktig for kommunen å stille målretta krav.

**Vurderingar**

Vår vurdering er at kommunen gjer konkrete og gode vurderingar knytt til anskaffingane som sikrar at sertifiseringskrav som blir stilte er hensiktsmessige. Kommunen har òg ein praksis som sikrar at ein ikkje stiller krav om sertifiseringar i strid med lov om offentlege anskaffingar.

### 5.2.3 Innan relevante områder (mellom anna bygg og anlegg, avfallsinnsamling, transport mv.): I kva grad følger kommunen opp DFØ sin kriterieveiviser for miljøkrav i offentlige anskaffingar?

Kommunen nyttar DFØ sin kriterievegvisar i anskaffingsarbeidet. Dei syner til at den kan vere krevjande og at det er mykje å lære seg undervegs. I tillegg nyttar kommunen marknadsdialog som eit viktig verktøy for å få kunnskap og innsikt i bransjane det skal gjerast anskaffingar i. Dette fører til at kommunen har kjennskap til korleis teknologi som blir nytta i bransjane faktisk verkar på miljøet og kva som er praktisk å krevje av marknaden.

**Vurderingar**

Kommune svarer at dei nyttar DFØ sin vegvisar i anskaffingane sine, og svarer såleis ut problemstillinga. I tillegg til kriterievegvisaren syner kommune til at dei nyttar marknadsdialog, som vi oppfattar som relevant og hensiktsmessig for kommunen. Dei sikrar seg kunnskap om kva dei reelt sett kan krevje i marknaden før dei lyser ut anbod, noko som fører tila t dei treff betre med konkrete miljøkrav.

## 5.3 Oppsummering

Krava som blir stilte i sakene vi har gått gjennom er ikkje alltid del av vektinga i konkurransane. Om kommunen ynskjer å gje leverandørane insentiv for å forbetre seg på bærekraft bør det vere vekting av miljøkriteria slik at dei som er best får fleire poeng for det. Krava kan både vere minimumskrav og vekta i same konkurranse.

Måten kommunen nyttar sertifiseringar er god. Det vesentlige er at kommunen har eit bevisst forhold til kvifor det er stilt krav om sertifisering, og følgjer det opp på ein hensiktsmessig måte.

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

# 6. Anbefalingar

**Time kommune har eit godt og hensiktsmessig arbeide med bærekraft i sine anskaffingar. Våre anbefalingar til kommunen har som formål å hjelpe kommunen å styrke arbeidet i tida framover.**

Vi anbefaler at Time kommune:

1. Forankrar og prioriterer strategiske satsingar på bærekraft i anskaffingar i politisk leiing.
2. Prioriterer harmonisering av miljøkrav med omeignskommunane uavhengig av søknad til DFØ.
3. Utarbeider og implementerer strategi for varig utnytting av ressursar i samsvar med EU sin avfallspyramide.
4. Konkretiserer krav til sosiale høve i leverandørkjeda i alle anskaffingar. Inkludert å førebu seg på openheitslova.
5. Etablerer ein praksis for vekta miljøkrav i alle anskaffingar.

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

# 7. Fråsegn frå kommunedirektør

Revisjonsrapporten gir ein god oversikt over tematikken og nokre klare tilrådingar. Forvaltningsrevisjonar som denne er nyttig både for få ein gjennomgang av korleis kommunen arbeidar sett med andre sine auger, samtidig som den peikar på korleis ein kan arbeida betre.

Rapporten syner at Time kommune har gode styringsdokument for anskaffingar og utnyttar dei resursane ein har for anskaffingar på ein god måte. Rapporten inneheld fem anbefalingar for å styrka arbeidet og kommunedirektøren vil vurdera korleis desse skal følgast opp. Avhengig av ambisjonsnivået vil styrking av arbeidet kunne krevja tilføring av meir ressursar.

KPMG

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

# Vedlegg: Dokumentliste

- ✓ Anskaffelsesstrategi for Time kommune 2021 godkjent
- ✓ Copy of anskaffelser 2019-2020 - forslag til utvalg
- ✓ Etiske retninsliner i Time kommune
- ✓ Innkjøpsregelverk revidert 6 .1.2021
- ✓ Rutine for oppfølging av Seriøsitetskrav  i Time kommune 01.12.2017
- ✓ Saksfremlegg - Anskaffelsesstrategi for Time kommune
- ✓ Vedlegg 1  Seriøsitetskrav Time kommune revidert21.10.2019
- ✓ Sv_ Dokumentbestilling - forvaltningsrevisjon av bærekraftige anskaffelser Time kommune
- ✓ (137410370) - 16. Vedlegg 2 Pris og produkt skjema leker og formingsmateriell 2020
- ✓ Evaluering leker og formingsmateriell 2020
- ✓ Leker og formingsmateriell-evaluering og tildeling
- ✓ Leker og formingsmateriell_ konkurransegrunnlag og tilbud del  1
- ✓ Leker og formingsmateriell_ konkurransegrunnlag og tilbud del  2
- ✓ skanner@time.kommune.no_20220216_172457
- ✓ skanner@time.kommune.no_20220216_172537
- ✓ Tildelingsbrev AV Form
- ✓ Tildelingsbrev Lekolar
- ✓ Tildelingsbrev Trigonor
- ✓ Kjøp av elbil leverandørens tilbud II
- ✓ Kjøp av elbiler
- ✓ Kjøp av ellbil_ leverrandørens tilbud
- ✓ Konkurransegrunnlag kjøp av elbiler og evaluering
- ✓ Evalueringsskjema
- ✓ skanner@time.kommune.no_20220214_152913
- ✓ Dok 01 - Tilbudsbrev
- ✓ Dok 02 - Besvarelse kravspesifikasjon
- ✓ Dok 03 - Ferdig utfylt prisskjema
- ✓ Vedlegg 01 - Tilbudte bils egenskaper
- ✓ Vedlegg 02 - Handsfree løsning
- ✓ Vedlegg 03 - Navigasjon
- ✓ Vedlegg 04 - Ryggekamera
- ✓ Vedlegg 05 - Avtale om service
- ✓ Vedlegg 06 - Lokasjon verksted
- ✓ Vedlegg 07 - Garanti
- ✓ Vedlegg 08 - Pristilbud Skoda Citigi e i
- ✓ Vedlegg 09 - CITIGO-brosjyre
- ✓ Vedlegg 10 - CITIGOe-tilbehør

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

- ✓ Vedlegg 11 - CITIGO-prisliste
- ✓ Vedlegg 12 - Euroncap 2019 škoda citigo
- ✓ Vedlegg 13 - ISO 9001 sertifikat
- ✓ Vedlegg 14 - ISO 14001 Certificate repar
- ✓ Vedlegg 15 - Firmaattest MBSR april 2020
- ✓ Vedlegg 16 - Attest skatt og avgift pr 2
- ✓ Vedlegg 17 - Experian rapport Møller Bil
- ✓ Konkurransegrunnlag og evaluering Rammeavtale tømming av slamavskillere og minirenseanlegg
- ✓ skanner@time.kommune.no_20220214_152913
- ✓ Test av muligheter - rammeavtale for tømming av slamavskillere og minirenseanlegg
- ✓ Evaluering
- ✓ skanner@time.kommune.no_20220214_152913
- ✓ Bid
- ✓ Egenerklæring om helse, miljø og sikkerh
- ✓ Firmaattest Stene Renovasjon AS
- ✓ Skatt og avgift for 984117582 Stene Reno
- ✓ Stene Renovasjon AS annonse
- ✓ Time Kommune Stene Renovasjon AS 2.2 Kra
- ✓ Time Kommune Stene Renovasjon AS 3.4 Tek
- ✓ Time Kommune Stene Renovasjon AS 4.4.2 M_1
- ✓ Time Kommune Stene Renovasjon AS 4.4.2 M_1
- ✓ Vedlegg 1 prisskjema for føring av pris
- ✓ Konkurransegrunnlag
- ✓ Vedlegg 1 - Behov og kravspesifikasjon (6)
- ✓ Vedlegg 3 - Kontraktsbestemmelser Storhusholdning - alle delkonkurranser (1)
- ✓ (140765917) - 1.2 Kriterier for evaluering av Kvalitet (2)
- ✓ (140765917) - 1.6 Kriterier for evaluering av Service og levering (2)
- ✓ (140765917) - Bid (1)
- ✓ (140765917) - leveringsvilkaar (1)
- ✓ (140765917) - Matnyttig_2020 (002) (1)
- ✓ (140765917) - STAND001-fordeling-av-holdbarhetstid-12 (2)
- ✓ (140765917) - Tilbudbrev Gjesdal Kommune  2020.-1
- ✓ (140765917) - Vedlegg 2 - Prisskjema del 1 Kolonialvarer_ASKO Rogaland (6)
- ✓ (140765917) - Vedlegg 2 - Prisskjema del 1 Kolonialvarer_ASKO Rogaland
- ✓ (140765917) - vedlegg1.2.1 Lokalmat-brosjyre (1)
- ✓ (140765917) - Års-og-barekraftsrapport-2019 (1)
- ✓ Referat fra kontraktsmøtet  - del 1,3,4,5 (4)
- ✓ Storhusholdning delkontrakt 1 dagligvarer -tilbud_kontrakt
- ✓ Vedlegg 1 - Behov og kravspesifikasjon (8)
- ✓ Vedlegg 3 - Kontraktsbestemmelser Storhusholdning - alle delkonkurranser (2)
- ✓ (141890466) - 1.2 Kriterier for evalurering av kvalitet
- ✓ (141890466) - 1.6 Service og levering (1)
- ✓ (141890466) - Bid

KPMG

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

- (141890466) - Miljøfyrtårn
- (141890466) - Vedlegg 2 - Prisskjema del 2 Frukt, grønt og egg (1) (2)
- Konkurransegrunnlag frukt grønt egg
- Referat fra kontraktsmøtet  - del 2 Frukt og grønt (1)
- Storhusholdning delkontrakt 2 frukt grønt egg
- (141890535) - 1.2 Kriterier for evaluering av Kvalitet
- (141890535) - 1.6 Kriterier for evaluering av Service og levering (2) (2)
- (141890535) - ASKO ROGALAND AS - 22000
- (141890535) - Bid
- (141890535) - Matnyttig_2020 (002)
- (141890535) - STAND001-fordeling-av-holdbarhetstid-12
- (141890535) - Tilbudbrev Gjesdal Kommune  2020.-1
- (141890535) - vedlegg1.2.1 Lokalmat-brosjyre (1)
- (141890535) - vedlegg1.2.1 Lokalmat-brosjyre (2)
- (141890535) - Års-og-barekraftsrapport-2019
- Konkurransegrunnlag delkontrakt 4
- Referat fra kontraktsmøtet  - del 1,3,4,5 (5)
- Storhusholdning Delkontrakt 4 tilbud_kontrakt
- 00 - NS 3420 Beskrivelse med mengdeforte
- 00 - NS 3420 Beskrivelse med mengdeforte
- 00 - NS 3420 Beskrivelse med mengdeforte
- 01 - NS 8405 spesielle kontraktskrav og
- 02 - SHA-plan, Utgraving tomt ny idretts
- 03 - B-100 - Graveplan - Plan og lengdes
- 04 - B-101 - Graveplan - Tverrsnitt
- 05 - 20211028 Riggplan utgraving
- 06 - RIG01_Grunnundersøkelser Timehallom
- 07 - RIG-BREV-2021-10-08 Geoteknisk nota
- 08 - RIM01_Orienterende miljøteknisk gru
- SchemaUtgraving av tomt for ny idrettsha
- TenderProtocol_Utgraving av tomt for ny
- TenderReport_Utgraving av tomt for ny id
- Utgraving tomt for ny idrettshall på Bry
- Announcement
- Announcement
- 01 - Tilbudsbrev
- 02 - Egenerklæring
- 03 - 30211917 Prisfil Byggegrop ny idret
- 04 - 30211917 Prisfil Byggegrop ny idret
- 05 - 30211917 Prisfil Byggegrop ny idret
- 5 [sladdet] Meddelelse om tildeling
- Bid
- Signature

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

- 3 [sladdet] Meddelelse om tildeling
- Bid
- Dok 01 Tilbud EHM
- Dok 02 Tilbud EHM
- Dok 06 Tilbudsbrev
- Dok 07 Alternativ GS veg trase
- Signature
- 1 - G-prog fil GAP
- 2 - G-prog fil PDF
- 2 Grunnservice Meddelelse om tildeling
- Bid
- Signature
- Tilbudsbrev - Utgraving idrettshall Bryn
- 8 [sladdet] Meddelelse om tildeling
- Bid
- Dok 0 Tilbodsbrev
- Dok 01 Utgraving Timehallen
- Dok 02 Byggegrop ny idrettshall, samandr
- Dok 03 Byggegrop ny idrettshall
- Signature
- 00 - NS 3420 Beskrivelse med mengdeforte
- 4 [sladdet] Meddelelse om tildeling
- Beskrivelse Byggegrop ny idrettshall 29
- Bid
- Pristilbud 1 Byggegrop ny idrettshall 29
- Signature
- Tilbudsbrev Utgraving av tomt
- 1 [sladdet] tildeling i tilbudskonkurra
- 1. Tilbudsbrev
- 2.- NS 3420 Beskrivelse med mengdeforte
- 3. - NS 3420 Beskrivelse med mengdeforte
- 4. ISY Linker Pluss - [Byggegrop ny idre
- Bid
- Signature
- 6 T [sladdet] Meddelelse om tildeling
- Bid
- Ferdig utfylt prisfil Idrettshall Bryne
- Ferdig utfylt prisfil Idrettshall Bryne
- Ferdig utfylt prisfil Idrettshall Bryne
- Ferdig utfylt prisfil Idrettshall Bryne_1
- Signature
- T BERGE ANLEGG AS
- 5.3.4 - Referanseprosjekt

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

- ✓ 5.3.6 - Presentasjon og kapasitet T.Berg
- ✓ 7 Vassbakk Meddelelse om tildeling
- ✓ Bid
- ✓ Signature
- ✓ Tilbud
- ✓ Messages
- ✓ Protokoll Hovedkonkurranse
- ✓ Protokoll kvalifisering
- ✓ VA Kong Haakonsveg - Plan og designkonkurranse - Juryens rapport (L)(1551652)
- ✓ Juryens beslutning - Asplan Viak AS
- ✓ Juryens beslutning - Cowi AS
- ✓ Juryens beslutning - Dronninga Landskap AS
- ✓ Juryens beslutning - Sweco AS
- ✓ Juryens rapport_endelig
- ✓ Del av noe større poster A0
- ✓ Del av noe større rapport A3
- ✓ 2020-01-21 Konkurranseforslag KHV_Den blågrønne skolegata
- ✓ LANDSKAPSPLAN A0 - Den blågrønne skoleveien
- ✓ Lagspill_A1_Stående
- ✓ Langs_bekken_paa_Rossaland film
- ✓ Langs_bekken_paa_Rossaland
- ✓ Diverse Plan og design Kong Haakonsveg
- ✓ Eksempel punktsky Geobanken
- ✓ Evalueringskjema kvalifikasjonskrav
- ✓ Informasjon til deltakerne i konkurransen
- ✓ Meddelelse om resultat av konkurranse ITB koordinator
- ✓ Protokoll loddtrekning
- ✓ Spørsmål og svar etter befaringer
- ✓ Svar til Dronniga Landskap
- ✓ Meddelelse til Asplan Viak AS
- ✓ CV [sladdet]
- ✓ Firmaattest
- ✓ Kompetanse og kapasitetsoversikt
- ✓ Meddelelse til Cowi AS
- ✓ Referanseliste byggeplan gate og veg
- ✓ Skatt_avgift2
- ✓ ESPD fra Structor Oslo AS
- ✓ Garanti Structor Holding As_ med signatur (2)
- ✓ Meddelelse til Dronninga Landskap AS
- ✓ Structor Holding garanti med feil prosjektnavn
- ✓ Meddelelse til Prosjektil AS
- ✓ Time kommune - prekvalifisering plan og designkonkurranse VVA Kong Haakons veg - 28.10.19
- ✓ ESPD skjema Structor Vestfold AS

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

- ✓ Meddelelse til Sweco Norge AS
- ✓ Meddelelse til Verkis HF
- ✓ Konkurransegrunnlag for påmelding Plan og Design VA Kong Haakonsveg Time kommune
- ✓ Konkurransegrunnlag Plan og Design Time kommune
- ✓ Vedlegg 01-Fagnotat - Kunnskapsgrunnlag overvann
- ✓ Vedlegg 02-Vannstand Frøylandsvatnet
- ✓ Vedlegg 03-Vannmengder Dronnings Mauds gate-Kong Haakons
- ✓ Vedlegg 04-Teknisk VA plan Del 2
- ✓ Vedlegg 05-Forslag OV 2000 mm  fra Frøylandsvannet Del 3
- ✓ Vedlegg 06-Tiltakspakke 2, datert 22.6.2017
- ✓ Vedlegg 07-Dokumenter tilknyttet tiltakspakke 2
- ✓ Vedlegg 08-Oversiktskart over flomskader 3.4. august 2013,Bryne
- ✓ Vedlegg 09-Veileder vann og klimatilpasning Time kommune
- ✓ Vedlegg 10-Trafikktellinger Kong Haakons veg
- ✓ Vedlegg 11-Veg og trafikk, barnetråkk
- ✓ Vedlegg 12-Trafikktelling Kong Haakons veg April 2019 Excel
- ✓ Vedlegg 13-Trafikktelling Kong Haakonsveg 20.12.2018 03.1.2019 Excel
- ✓ Vedlegg 14-25_04_2017 revidert skjøtselsplan søndre frøylandsvatn ESL
- ✓ Vedlegg 15-Eksisterende VA KongHaakonsveg med kumkort
- ✓ Vedlegg 16-Dokumenter fra Dr.Blasy-Dr.Øverland
- ✓ Vedlegg 17-Oppstart reguleringsarbeid
- ✓ Vedlegg 19-Vegnorm for Sør-Rogaland
- ✓ Vedlegg 20- Kontrakt og seriøsitetsbestemmelser for Time kommune
- ✓ Konkurransegrunnlag for påmelding Plan o
- ✓ SchemaPlan og design for utforming av ga
- ✓ TenderProtocol_Plan og design for utform
- ✓ TenderReport_Plan og design for utformin
- ✓ Vedlegg 01-Fagnotat - Kunnskapsgrunnlag
- ✓ Vedlegg 02-Vannstand Frøylandsvatnet
- ✓ Vedlegg 03-Vannmengder Dronnings Mauds g
- ✓ Vedlegg 04-Teknisk VA plan Del 2
- ✓ Vedlegg 05-Forslag OV 2000 mm  fra Frøyl
- ✓ Vedlegg 06-Tiltakspakke 2, datert 22.6.2
- ✓ Vedlegg 07-Dokumenter tilknyttet tiltaks
- ✓ Vedlegg 08-Oversiktskart over flomskader
- ✓ Vedlegg 09-Veileder vann og klimatilpasn
- ✓ Vedlegg 10-Trafikktellinger Kong Haakons
- ✓ Vedlegg 11-Veg og trafikk, barnetråkk
- ✓ Vedlegg 12-Trafikktelling Kong Haakons v
- ✓ Vedlegg 13-Trafikktelling Kong Haakonsve
- ✓ Vedlegg 14-25_04_2017 revidert skjøtsels
- ✓ Vedlegg 15-Eksisterende VA KongHaakonsve
- ✓ Vedlegg 16-Dokumenter fra Dr.Blasy-Dr.Øv

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

- ✓ Vedlegg 17-Oppstart reguleringsarbeid
- ✓ Vedlegg 19-Vegnorm for Sør-Rogaland
- ✓ Vedlegg 20- Kontrakt og seriøsitetsbeste
- ✓ Bid
- ✓ Meddelelse til Asplan Viak AS
- ✓ Tilbudsbrev_Asplan Viak
- ✓ Vedlegg 1a Organisasjonskart fagmiljø in
- ✓ Vedlegg 1b Relevante referanseprosjekt
- ✓ Vedlegg 2 Attest for skatt og MVA Asplan
- ✓ Vedlegg 3 Firmaattest ASPLAN VIAK AS
- ✓ Vedlegg 4 Kredittvurdering
- ✓ Vedlegg 5a Organisasjonsmatrise Asplan V
- ✓ Vedlegg 5b Organisasjonskart ressursgrup
- ✓ Bid
- ✓ CV [sladdet]
- ✓ CV [sladdet]
- ✓ CV [sladdet]
- ✓ CV [sladdet]
- ✓ Firmaattest
- ✓ Kompetanse og kapasitetsoversikt
- ✓ Meddelelse til Cowi AS
- ✓ Referanseliste byggeplan gate og veg
- ✓ Skatt_avgift2
- ✓ A - Søknad kvalifisering Time kommune -
- ✓ Bid
- ✓ Dronninga landskap - 2019 CV [sladdet]
- ✓ Dronninga landskap - 2019 CV [sladdet]
- ✓ Dronninga landskap - 2019 CV [sladdet]
- ✓ Dronninga landskap - EXPERIAN - SCORERAP
- ✓ Dronninga landskap - Firmaattest 2019-08
- ✓ Dronninga landskap - prosjektark Carl Be
- ✓ Dronninga landskap - prosjektark Dronnin
- ✓ Dronninga landskap - prosjektark Kong Hå
- ✓ Dronninga landskap - prosjektark Ålgård
- ✓ Dronninga landskap - Skatteattest 2019-0
- ✓ ESPD fra Structor Oslo AS
- ✓ ESPD skjema Structor Vestfold AS
- ✓ Garanti Structor Holding As_ med signatu
- ✓ Meddelelse til Dronninga Landskap AS
- ✓ Structor Oslo - [sladdet] _CV_2019
- ✓ Structor Oslo - Firmaattest 23.4.2019
- ✓ Structor Oslo - Forpliktelseserklæring
- ✓ Structor Oslo - Prosjektark Kirkeparken

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

- ✓ Structor Oslo - Prosjektark_TroforsSentr
- ✓ Structor Oslo - Skatt og MVA attest.14.0
- ✓ Structor Oslo - Structor Oslo_Sandvika e
- ✓ Structor Oslo - Structor Oslo_Wessels pl
- ✓ Structor Oslo - [sladdet] _CV
- ✓ Structor Vestfold - Attest for skatt og
- ✓ Structor Vestfold - Firmaattest
- ✓ Structor Vestfold - Forpliktelseserklæri
- ✓ Structor Vestfold - Kredittvurdering Str
- ✓ Structor Vestfold - [sladdet] _
- ✓ Structor Vestfold - Projektark_Sanering
- ✓ Structor Vestfold - Projektark_Sanering_1
- ✓ Structor Vestfold - Referanseprosjekt -
- ✓ Structor Vestfold - Referanseprosjekt-Tø
- ✓ Structor Vestfold - [sladdet]
- ✓ 7.3 Leverandørskjema signert
- ✓ Attest for skatt og mva- Prosjektil AS -
- ✓ Bid
- ✓ CV [sladdet]
- ✓ CV [sladdet]
- ✓ CV [sladdet]
- ✓ CV [sladdet]
- ✓ Firmaattest Prosjektil, 23.10.19
- ✓ Meddelelse til Prosjektil AS
- ✓ Prekvalifisering Time kommune - begrense
- ✓ Time kommune - prekvalifisering plan og
- ✓ Bid
- ✓ 5.3 Cv`r
- ✓ 5.3 Oppdragsgjennomføring
- ✓ 5.3 Referanser gjennomførte prosjekter
- ✓ 5.4 Skatteattest 17.9.2019
- ✓ 5.5 Firmaattest_27062019
- ✓ 7.Kontaktinformasjon
- ✓ Bid
- ✓ Meddelelse til Sweco Norge AS
- ✓ Bid
- ✓ Meddelelse til Verkis HF
- ✓ Søknad Verkís (ID 114005)
- ✓ Søknad Verkís SLADDET (ID 114006)
- ✓ Message
- ✓ Message
- ✓ 3D modell av eksisterende Kong Haakonsveg
- ✓ Eksempel punktsky Geobanken

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

- ✓ Befaringer - Spørsmål og svar
- ✓ Data til plan 0518_00
- ✓ Kart over området - sosi fil
- ✓ Nivå på Frøylandsvatnet
- ✓ vannivaa_froyland_treshold
- ✓ Vannivaa_Time_alle_sensorer
- ✓ vannstnad_dag
- ✓ vannstnad_time
- ✓ Ortofoto for prosjektet
- ✓ VA Kong Haakons veg - Samspill og videre prosjektgjennomføring (L)(1577461)
- ✓ 20200415 Oversendelsesmail tilbud 2
- ✓ Innledende beregning på åpen løsning
- ✓ Tilbud_signert Kong Haakons veg
- ✓ Vedlegg 1 - Detaljert honorarbudsjett og leveranser
- ✓ Vedlegg 1
- ✓ Vedlegg 2 - honorarbudsjett eksterne møter
- ✓ Vedlegg 2
- ✓ Vedlegg 3 - Fremdriftsplan
- ✓ Vedlegg 4 - Eksempel fellestegning reguleringsplan
- ✓ Vedlegg 5 - Eksempelutklipp visualiseringsmodell
- ✓ Tilbudsbrev20.3.2020_SWECO_Kong Haakons veg
- ✓ Vedlegg 1 - Leveranse reguleringsplan
- ✓ Vedlegg 2 - Leveranse byggeplan
- ✓ Vedlegg 3 - Fremdriftsplan
- ✓ Vedlegg 4 - Swecos generelle oppdragsvilkår
- ✓ Driftsproblemer i Mercell under innlevering av kvalifikasjonsanmodning
- ✓ Gjennomført loddtrekning som del av evaluering
- ✓ Juryens beslutning i Plan og Designkonkurranse - VA Kong Haakons veg
- ✓ Meddelelse av resultat av kvalifikasjonsanmodning til Plan og Designkonkurranse for Kong Haakonsveg i Time kommune
- ✓ Meddelelse av resultat av kvalifikasjonsanmodning til Plan og Designkonkurranse for Kong Haakonsveg i Time kommune
- ✓ Vurdering av loddtrekning som utvelgelsesmetode

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

## Kontakt oss


**Harald Sylta**
**Partner**
**T** +47 40639666
**E** harald.sylta@kpmg.no

**Mathias W. Johannessen**
**Prosjektleiar**
**T** +47 91847443
**E** mathias.johannessen@kpmg.no


kpmg.no

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.